

## Landskapsparktankar i Uskedalen

20.05.2009



Den øverste delen av dalen eignar seg best til landskapspark. Her vert det gjeve høve til at jordbruket vert utvikla. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Fleire frå Uskedalen var det som vart oppglødde for det folk i Åkrafjorden har fått til. Med utgangspunkt i dette og om det kanskje kan vera noko for deler av Uskedalen har eldsjela Kristian Bringedal vore i kontakt med Fylkesmannen i Hordaland.**



Kristian Bringedal, her på Stalheim i førre veka, er oppglødd for tanken om at ein såkalla landskapspark vert lagt til Uskedalen. (Foto: Torfinn Myklebust)

Og Fylkesmannen har no alt plukka ut Uskedalen mellom fire stader som han vil gjeva ein sjanse til å starta eit utviklingsarbeid for å få til det han kallar ein landskapspark.

Ein landskapspark er ein park som skal gjeva dei beste levekår for fastbuande, og dei beste opplevingane for besøkjande, seier Kristian Bringedal i Kvinnherad kommune og Uskedalen Utvikling til uskedalen.no etter ein konferanse på Stalheim Hotel i førre veke.

Saman med Sveio, Ulvik og Odda har Uskedalen fått dette tilbodet frå Fylkesmannen.

### Landskapsparkane

Landskapsparkane skal vera viktige område for å ivareta og utvikla norsk bygdeliv og med tida verta vesentlege i Norge si marknadsføring som natur- og kulturreisemål internasjonalt.

Det er laga seks ambisjonar for norske landskapsparkar. Dei skal...

- utvikla bygder og næringssliv slik at kultur- og naturlandskap vert ivaretakne.
- skapa lokale miljø, for kommersiell tenking og entreprenørskap.
- verta attraktive reisemål.
- vera føregangsområde på skjøtsel av kulturlandskap.
- tuftast på aktive og engasjerte lokalsamfunn som er attraktive for næringsutvikling.

-- utviklast til merkevare og Norges mest utbreidde Geoturisme-konsept.

## **Uskedalen**

-Høver Uskedalen inn i dette biletet?

-Uskedalen er eit unikt avgrensa område som syner eit spesielt landskap og ein god kulturkvalitet - der folk bur, som er viktig i dette høvet, seier Kristian Bringedal.

Vi må få til å fremja og utvikla dei kvalitetar som den delen av bygda dette bør gjelda for, om vi får dette til. Det vil vera med å auka verdiskapnaden.

Bringedal legg til at Uskedalen er eit fjordlandskap som skjer seg inn i landskapet frå Storsund, med Eikedalen som ein hengjedal mot Uskedalen. Her er rikeleg med gode kvaliteter.

Bringedal peiker først og fremst på øvre delen av Uskedalen som best eignar seg til dette. Kvalitetane i denne delen av dalen med mellom anna Friheim og Fjellandsbø, tilfredsstiller alt no dei fleste av Fylkesmannen sine ti kriterier og krav for å få vera med.

Vern?

-Mange med eigedommar fekk piggane ut då nasjonalparkar vart skipa! Då kom store deler av bønders eigedommar under vern og sterke restriksjonar på bruken. Kan vi venta noko slik her - for her også er parknemninga med?

-Ikkje nokre av krava denne gongen går på vern av slike område. Dette skal vera ein park med kvalitet der det sentrale er natur- og kulturarven er viktigaste gjennom bruk og utvikling av dette. Det vil ikkje verta sett begrensningar på jordbruksområda. Tilretteleggjinga skal gjerast utfrå at jordbruket er fremst i tankane.

Dei landskapsparkane vi har på Vestlandet, har hatt ulik utvikling, med kanskje den mest kommersielle i Myrdalen. Der har Voss Fjellandsby planlagt 350 hytter og med alt som trengst av fasilitetar for mykje hyttefolk.

Det motsette finn vi kanskje Undredalen i Sogn med si vesle kyrkje og utvikling av matproduksjon, som kvit og brun geitost. Herand, Fyksesund og Viikebygd i Ullensvang har fått til sine landskapsparkar med sine tilbod.

Parallelt

Når no Fylkesmannen har oppmoda Uskedalen om å prøva å få til noko, meiner Bringedal vi skal vera opne for det. I første omgang er det lova 30000 kroner i startmidlar. Viktig no er det å få laga ein prosjektplan. Ser ein så at det kan vera noko, kan ein så søkja om meir midlar til å arbeida vidare med saka. Aktuelle personar øverst i dalen og andre må sjølv takast med på råd før ein går så altfor langt framover.

Bringedal seier at dette arbeidet må gå parallelt med det som Uskedalen Utvikling alt er i gang. På det området er Uskedalen utpeika som eit av besøksmåla for Folgefonna

Nasjonalpark. Og den optimistiske Bringedal ønskjer gjerne at ein får til noko av begge prosjekta.

Han vil gjerne fremja Uskedalen for mange og nye turistar, og gjerne få til at fastbuande kan få eit breiare næringssgrunnlag.

Dei kan i alle fall fortelja frå Åkrafjorden at etter arbeidet med landskapsparken der kom i gang for nokre år sidan, er iveren og gløden auka.

Les også tidlegare artikkel om Interssa for landskapspark.  
(17. mai 2009)

Torfinn Myklebust